

Oppgåver

1. Kva skjer i filmen? Kva legg de merke til?
2. Kan du kjenna deg igjen? Har du opplevd noko liknande?
3. Korleis trur de Noah har det?
4. Jonas og Emil seier at måten dei snakkar på «berre er kødd». Er det det? Er det berre kødd? Kva tenkjer de?
5. Emil trur ikkje nokon blir leie seg når ein brukar ord som «idiot» eller «braindead». Kva trur de?
6. Noah fortel ikkje Jonas og dei andre at han helst vil vera med å spela, men at han blir masa på av mamma. Kvifor seier han det ikkje, trur de? Kva kunne skjedd om han fortalde det?
7. Sit saman med læringspartneren din og gå gjennom spørsmåla over saman. Har de lagt merke til det same?
8. Fyll inn det de prata om i eit tankekart.